Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
12.10.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2015/2616 461.3
Dykkar referanse

Stordbase AS
Postboks 600
5403 STORD

Rapport frå inspeksjon ved A/S Stordbase

Kontrollnummer: 2018.028.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Rune Tangedal Almås
Line Hovland
Frank Helland
Egil Isaksen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Ingrid Torsnes
Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved A/S Stordbase den 17.09.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 3 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Utsleppskontroll
- Lagring og lasting av metallskrap
- Handtering av farleg avfall

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Ingrid Torsnes	Astrid Holte
senioringeniør	senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Stena Recycling AS avd. Stord	Eldøyane Næringspark	5411	STORD
Statens strålevern	Postboks 329 Skøyen	0213	OSLO

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: STORDBASE AS	
Organisasjonsnr.: 971981709	**Eigd av:** 830588442
Bransjenr. (NACE-kode): 52.223 - Forsyningsbaser	

Kontrollert eining

Namn: A/S Stordbase	**Anleggsnr.:** 1221.0101.01
Kommune: Stord	**Fylke:** Hordaland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 10.11.2015	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikalie

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

A/S Stordbase pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at A/S Stordbase innan 1. januar 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 4. september 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må A/S Stordbase betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varer inntil ein dag. Miljødirektoratet sender faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda kan ikkje dokumentere at dei held krava til utslepp til vatn

Avvik frå:

Utsleppsløyve av 10. november 2015

Kommentarar til regelverket:

Måleprogram

Verksemda skal ha eit måleprogram som er representative for faktiske utslepp, og skal som minimum omfatte komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar eller forskrifter. Det er sett grenseverdiar i løyvet for m.a. utslepp til vatn.

Målingar av utslepp til vatn
Det går fram av utsleppsløyve at verksemda skal dokumentere at grenseverdien på 5 mg/l for olje vert halden. For alt utslepp av vatn til sjø, så skal vatnet ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1 i utsleppsløyvet.

Observasjonar
Det er ikkje utarbeidd måleprogram eller tatt prøver av avløpsvatn frå oljeutskiljar.

Avvik 2
Lagring og lasting av metallskrap utan løyve

Avvik frå:
Forureiningslova § 7, jf. 11

Kommentarar til regelverket:
Ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller tillate etter vedtak i medhald av § 11.

Observasjonar
Verksemda hadde gitt Stena Recycling lov til å nytte sin kai til lagring og lasting av metallskrap. Det låg metallskrap på kaien, sjå bilde, og skrapet vart lasta over på ein båt. Det vart opplyst at skrapet låg på betongdekke, men utan oljeutskiljar.

Avvik 3
Handtering av farleg avfall har manglar

Avvik frå:
Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-12

Kommentarar til regelverket:
Farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje samanblandast dersom dette kan medføre fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Observasjonar
Det stod nokre søppelsekkar med diverse avfall og ei open bøtte med eit oljeprodukt i containaren for farleg avfall. Desse var ikkje merka med type avfall, og lageret var uoversiktleg.

7. Merknader
Vi ga ingen merknader under inspeksjonen:

8. Andre tilhøve
Mottak av kablar med radioaktivt innhald (NORM)
Verksemda måler alle kablar for radioaktivitet, og har i nokre tilfelle mottatt kablar med NORM. I slike tilfelle har verksemda klypt kablane slik at dei får ein storleik som er handterbar og transportere desse til Kværner Stord AS.

Fylkesmannen er ikkje myndigheit for radioaktivt avfall, så vi sender kopi av inspeksjonsrapporten til Statens Strålevern.

Tank med hydrogenperoksid
Vi observerte ein 25 m^3 tank med hydrogenperoksid på kaia. Kapittel 18 i forureiningsforskrifta om tanklagring av farlege kjemikaliar og farleg avfall gjeld for tankar over 10 m^3 med petroleumsprodukt og 2 m^3 med farlege kjemikaliar eller avfall.

Med farlege kjemikal meiner ein stoff og stoffblandingar som: a) er klassifisert i samsvar med kapittel II i forskrift 16. juli 2002 nr. 1139 om klassifisering1, merking mv. av farlege kjemikaliar eller i samsvar med CLP-forordninga artikkel 3 jf. CLP-forskriften2,
b) er persistente, bioakkumulerande og giftige (PBT) eller svært persistente og svært bioakkumulerande (vPvB) i samsvar med kriteria fastsett i REACH-forordninga vedlegg XIII jf. REACH-forskriften3, samt ikkje gassformige stoffblandingar som inneheld minst eit av desse stoffa i ein enkeltkonsentrasjon på ≥ 0,1 vektprosent.

Dette betyr i praksis at stoff og stoffblandingar som skal merkast med faremerke (piktogram) er omfatta, og at stoff og stoffblandingar som kan ha negative langtidsverknadar er omfatta av krava i forskrifta.

Konsentrasjonen av hydrogenperoksid i tanken, kan ha noko å seie, men hydrogenperoksid er normalt merkepliktig etter CLP-ordninga. Verksemda må vurdere om tanken er omfatta av tankforskrifta, og dermed ha krav til oppsamlingsarrangement frå 1. januar 2019.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforkrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve av 10. november 2015

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Drift av oljeutskillere (M-30/2013)